

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.30	Til kl. 21.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	18.5.21		

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Tor Olav Kvam, Leif Turlid.

Vara- medlemar

Andre Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

16/21, 17/21, 18/21, 19/21, 20/21.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemane og -varamedlemane, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/21. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker låg føre:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 13. april.
- 2) Møtebok villreinutvalet sitt årsmøte 14. april.
- 3) 20. april: Teamsmøte med Andreas Aass i NFS om ny app for timeføring - Proresult.
- 4) 23. april: Melding sendt fra fjellstyret til 3 hytteeigar om at reinsflokkene var ute av området og at oppmodinga send 13. april om å venta med transport difor vart oppheva.
- 5) 23. april: Brev fra Statskog SF med tilsegn om tilskot til fjellstyrta sitt oppsyn i statsallmenningar.
- 6) 28. april: Villreinnemnda for Nordfjella - Melding om vedtak om jaktkvote for Nordfjella.
- 7) 29. april: Søknad fra fjellstyret til NFS om tilskot til gjennomføring av:
 - skulefiskedagar
 - friluftstiltak for personar med innvandrarbakgrunn
- 8) 2. mai: Utbetaling av tilskot på 7.500 til Aurland jakt- og fiskelag i samband med jegerprøvekurs og opplæring av instruktørar
- 9) Mai 2021: Jubileumsgåve fra Statskog SF
- 10) 6. mai: E-post fra Statnett v/Johan Olav Bjerke, svar på fjellstyret sitt høyringssinnspeil til miljø- og anleggsplan for ny 420 kV-line.
- 11) 14. april – 4. mai, korrespondanse med Landkreditt og Sogn Sparebank om flytting av innskot til sparekonto eller fond med høgare rente enn fjellstyret får i dag.
- 12) 6. mai: Referat fra møte om oppfølging av partnarskapsavtalen mellom Aurland fjellstyre og Aurland barne- og ungdomsskule.
- 13) 17. mai: Søknad fra jaktlaget i jaktfelt 1 i Nordheimsdalen om å redusera tal hjort som det skal betalast grunnavgift for. **Merknad:** Vert teken opp som sak i fjellstyretmøte den 8. juni.

Aurland, den 25.5.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 17/21. Opplegg for reinsjakta – disponering av fellingsløyva, samjaktavtalar m.v.

Saksutgreiing med framlegg til vedtak låg føre.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret vil å år gje eit fellingsløyve for kalv til jaktkarusellen.

Det vert sett av eit fellingsløyve for fritt dyr som vert lyst ut som dagskort.

Fjellstyret går inn for å vidareføra samjaktavtalen med dei andre valda i Nordfjella, med innslagsdato måndag 30. august.

Det skal takast kontakt med fjellstyrta i Nore og Uvdal, Ullensvang og Røldal for å loddha interessa for å ta imot jegerar med fellingsløyve frå HA 28 Broksfjellet, for på denne måten prøva å spara Nordfjelladyr ved å retta jakta mot Hardangerviddastamma.

Samrøystes vedtak:

- Fjellstyret vidarefører ordninga med å prioritera førstegongssökjarar under 20 år i trekninga av fellingsløyva for rein. Dersom det er fleire slike sokjarar enn tal fellingsløyve å fordela, vert dei eldste innanfor denne gruppa prioriterte. Alle som får tildelt fellingsløyve vert oppmoda om å danna jaktag, slik at fleire får delta i jakta.
- Det vert sett av eit fellingsløyve for kalv til jaktkarusellen.
- Det vert i år sett av 1 fellingsløyve for fritt dyr som vert lyst ut som dagskort for reinsjakta.
- Fjellstyret går inn for at samjaktavtalen med dei andre valda i Nordfjella vert vidareførd med innslagsdato måndag 30. august.
- Fjellstyret tek opp drøftingar med dei andre grunneigarane i valdet HA 28 Broksfjellet, med sikte på å redusera jakttrykket på Nordfjelladyr som ein kan risikera å få med den kvoten som området vert tildelt av Hardangervidda-forvaltinga. Bruk av deler av kvoten meir sentralt på Hardangervidda kan vera ei løysing, dersom ein får oppretta avtalar. Mindre omfattande samjaktavtalar innan området enn dei ein har hatt før kan vera aktuelt.
- Det skal takast kontakt med fjellstyrta i Nore og Uvdal, Ullensvang og Røldal for å loddha interessa for å ta imot jegerar med fellingsløyve frå HA 28 Broksfjellet, for på denne måten prøva å spara Nordfjelladyr ved å retta jakta mot Hardangerviddastamma.

Aurland, den 25.5.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemane og
-varamedlemane,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 18/21. Vurdering av fiskereglane for statsallmenningen ut frå innkomne innspel om garnfiske for utanbygdsbuande

Saksutgreiing med framlegg til vedtak låg føre.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret ynskjer ikkje å endra på dagens fiskereglar no, når det gjeld vatn eller deler av vatn som er unnateke garnfiske. Ei ny vurdering kan eventuelt gjerast etter denne sesongen.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret ynskjer ikkje å endra på dagens fiskereglar no, når det gjeld vatn eller deler av vatn som er unnateke garnfiske. Ei ny vurdering kan eventuelt gjerast etter denne sesongen.

Fjellstyret opprettar avtale med to utanbygds fiskelag – Frode Bergheim m.fl. og Jan Eira m.fl.) som har søkt fjellstyret om å få fiska med garn i andre vatn enn dei som gjennom fiskereglane er opna for garnfiske for utanbygdsbuande. Avtalane vert utforma med sikte på å få ein tynningseffekt i vatn der dette trengst. Vatn som er aktuelle å ta med i avtalane er m.a. Nyhellermagasinet, Katlamagasinet og Langavatnet/Adamsvatnet.

Sak 19/21. Søknad frå Steinbergdalshytta om tilskot til prosjektet «Mennesket og reinen»

Saksutgreiing vedlagt søknad låg føre. I saksutgreiinga var det tilrådd å løyva tilskot på kr 10.000 og bidrag i form av arbeidsinnsats på kr 40.000.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret finn ikkje å kunna å gje noko reint tilskot, då budsjettet ikkje gjev rom for det. Derimot kan det leggjast inn ein arbeidsinnsats frå fjelloppsynet som fjellstyret sitt bidrag.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret finn ikkje å kunna å gje noko reint tilskot, då budsjettet ikkje gjev rom for det. Fjellstyret v/fjelloppsynet kan yta hjelp til å framskaffa grunnlagsdata, bilete o.a. til informasjonsmateriell og historeformidling, og stå for merking av fangstminne i felt. Samla verdi stipulert til kr 40.000.

Aurland, den 25.5.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 20/21. Oreigningsskjønn for ny 420 kV-line Aurland – Sogndal. Oppmoding om å gie uttale.

Handsaming i møtet:

Dagleg leiar orienterte om korrespondanse med Sogn og Fjordane Tingrett, der dokumenta i saka har vorte etterlyste. Tingretten er gjort merksam på at fjellstyret ikkje er ført opp på lista over rettshavarar på strekninga, noko som må rettast opp.

Samrøystes vedtak:

Saka vert utsett til dei relevante saksdokumenta frå Statnett og tingretten ligg føre.

Aurland, den 25.5.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemane og
-varamedlemane,
Aurland folkebibliotek